To typar verbalpartiklar i norsk

Article *in* Norsk Lingvistisk Tidsskrift · January 2009

1 author:



Tor Arne Haugen
Volda University College

Norsk Lingvistisk Tidsskrift · Årgang 27 · 2009 239–266

To typar verbalpartiklar i norsk[1]

Av *Tor Arne Haugen*

Alternasjonen i plassering mellom partikkel og objekt har ofte vorte brukt som kriterium for å avgjere om ein har med såkalla partikkelverb å gjere eller ikkje, og i *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund, Lie & Vannebo 1997: 697ff) blir det peikt på at ein med ein slik analyse støyter på problem ved visse konstruksjonar når ein skal skilje mellom verb med preposisjonsobjekt og verb med verbalpartikkel + nominalt objekt. Dei problematiske konstruksjonane er av typen *kome over*, *skrive under* og *tenkje over*. Desse tillèt ikkje alternasjon i plassering mellom preposisjonen og objektet, slik verbalpartiklar vanlegvis gjer. I denne artikkelen blir det, i ein analyse innanfor rammeverket kognitiv grammatikk, argumentert for å kategorisere også verba i desse konstruksjonane som partikkelverb og dermed skilje mellom to ulike typar verbalpartiklar i norsk. Desse inngår i ulike valensrelasjonar med verbet og objektet. Den eine typen er adjektivisk, medan den andre er adverbial. Med unntak av skilnaden når det gjeld plasseringsalternasjon, oppfører dei to partikkeltypane seg svært likt syntagmatisk.

1 Innleiing

Konstruksjonar med verb + preposisjon/partikkel + nominal har vore eit stridstema i nordisk syntaksforsking. Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 697ff) opererer i hovudsak med to ulike konstruksjonstypar, høvesvis verb + preposisjonsobjekt (a) og verb + preposisjon + direkte objekt (b):

(1)
- a. Ho leitte [etter den nye boka]
- b. Han drakk [opp] [vinen]

I (a) blir heile preposisjonsfrasen *etter den nye boka* analysert som eitt ledd som blir rekna som preposisjonsobjekt (heretter PO). I (b) blir preposisjonen *opp* analysert som eit eige ledd (adverbial), medan nominalet *vinen* er direkte objekt. Verb som i (b) blir elles ofte kalla partikkelverb. Om ein ser

på korleis desse to konstruksjonane oppfører seg syntaktisk, finn ein mange gode argument for å rekne nominalet *den nye boka* i (a) som komplement til preposisjonen, medan nominalet *vinen* i (b) er komplement til verbet. Ved partikkelverb som i (b) kan preposisjonen og nominalet byte plass, medan dette ikkje er muleg ved PO, sidan nominalet er komplement til preposisjonen:

(2)

a. *Ho leitte boka etter – *Ho leitte ho etter

b. Han drakk vinen opp – Han drakk han opp – *Han drakk opp han

Når det direkte objektet er eit trykklett pronomen, er plassering av verbalpartikkel etter objektet det vanlege i dei fleste norske dialektar. Denne typen verbalpartikkel, som tillèt alternasjon i plassering mellom partikkel og objekt, vil bli referert til som type X.

Når det gjeld mulegheit for plassering i forfeltet, viser det seg at PO kan vere spisstilt, og dette bør vere eit rimeleg krav for klassifisering som PO. Dette er derimot ikkje muleg for partikkel + nominal:

(3)

a. Etter boka leitte ho

b. *Opp vinen drakk han

Ein annan skilnad mellom desse konstruksjonane gjeld uttalen, jf. Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 700). Ved PO er trykket normalt på verbet, som har same tonem som det har elles. Ved partikkelverb er det to mulegheiter: Austnorsk har typisk trykk på verbet, som får tonem 2 (uavhengig av kva tonem det har elles), medan vestnorsk typisk har trykk på partikkelen.

Referansegrammatikkane i Noreg og i Sverige (Teleman et al. 1999) er ikkje samde om korleis konstruksjonar som dei i (1–3a) over bør analyserast. Faarlund, Lie & Vannebo reknar som nemnt med PO, medan Teleman et al. reknar med objektsliknande adverbial, sjå også Hellberg (2003). Eg har ein annan stad (Haugen 2006) argumentert for at det syntaktisk er grunnlag for å analysere desse konstruksjonane som adverbial også i norsk, og foreslått termen objektsadverbial frå Wallin (1941, referert etter Körner 1948), men det er ikkje tema her. Uavhengig av kva for ein av desse analy-

sane ein vel, reknar ein preposisjonsfrasane som ledd, og ein støyter på dei same problema når ein skal klassifisere konstruksjonar av følgjande type (døma er henta frå Faarlund, Lie & Vannebo 1997: 701):

(4)

a. Eg kom over ei billig skjorte – *Eg kom ho over

b. Eg kom på ein lur idé – *Eg kom han på

c. Du må skrive under kontrakten – *Du må skrive han under

d. Eg skal tenkje over tilbodet – *Eg skal tenkje det over

e. Han kjørte på treet – *Han kjørte det på

Har me her å gjere med PO/adverbial eller partikkelverb? I motsetnad til partikkelverb tillèt ikkje konstruksjonane i (4) alternasjon i plassering mellom objektet og partikkelen. Dette skulle tyde på at dei er PO/adverbial. På den andre sida tillèt dei ikkje at preposisjon + nominal står i forfeltet som eitt ledd:

(5)

a. *Over ei billig skjorte kom eg

b. *På ein lur idé kom eg

c. *Under kontrakten må du skrive

d. *Over tilbodet må du tenkje

e. *På treet kjørte han

Når det gjeld uttale, følgjer desse konstruksjonane òg mønsteret for partikkelverb.

I denne artikkelen blir det argumentert for å rekne også verb som dei i (4) og (5) som partikkelverb, og denne typen verbalpartikkel, som ikkje tillet alternasjon i plassering mellom partikkel og objekt, vil bli referert til som type Y. Ein må med andre ord skilje mellom *to ulike typar verbalpartiklar.* Først blir den syntagmatiske argumentasjonen for denne analysen

presentert. Deretter følgjer ein semantisk analyse av dei to partikkeltypane som viser kva som skil dei frå kvarandre. Dei fleste døma som blir nytta, er henta frå Oslo-korpuset av tagga norske tekstar. Desse har eg merkt med kjeldereferansekoden til korpuset.[2] Andre døme er anten frå andre kjelder eller konstruerte av forfattaren.

2 Syntagmatiske argument for to typar verbalpartiklar


Ser ein på konstituentstrukturen til konstruksjonar med verb som knyter til seg verbalpartiklar av type X og Y, har dei svært mange eigenskapar felles. Det einaste som synest å tale mot klassifisering av begge typane som partikkelverb, er den manglande alternasjonen i plassering mellom partikkel og objekt ved type Y. Analysen i del 3 i denne artikkelen syner at denne skilnaden kan knytast til skilnader i forholdet mellom objektet og partikkelen; begge partikkeltypane tener elles til å modifisere den semantiske strukturen til verbet.

2.1 Teoretisk rammeverk

I det teoretiske rammeverket kognitiv grammatikk (heretter CG), Langacker (1987, 1991, 1999, 2002), er konstituentstruktur å forstå som den rekkefølgja komponentane i samansette konstruksjonar blir kombinerte i ved syntagmatisk kombinering, og konstituentstruktur er ein av fire primære faktorar i Langackers valenskonsept, jf. Langacker (1987: 277ff). Når komponentane i grammatiske konstruksjonar blir kombinerte, er det ein valensrelasjon mellom dei, og det alle valensrelasjonar har felles, er at det er ein korrespondanse mellom substrukturar i komponentane, dvs. at komponentane har delvis overlappande struktur. Det er denne felles strukturen som gjer integreringa av komponentane muleg. La oss sjå på den enkle setninga *Mannen kjører bilen* for å illustrere dette (fig. 6).

Setninga *Mannen kjører bilen* er ei instansiering av ein grammatisk konstruksjon, ein transitivkonstruksjon av typen [S V DO]. Den ytste ramma omsluttar heile konstruksjonen, som er oppbygd både av den samansette strukturen (øvst) og komponentstrukturane, som òg sjølve er konstruksjonar (KJØRER er til dømes sett saman av KJØRE + PRESENS). Verbet KJØRE er eit relasjonelt predikat, dvs. at det berre kan konseptualiserast i relasjon til andre einingar, i dette tilfellet ein som kjører, og det som blir kjørt. Dette er saliente deltakarar i verbprosessen, og dei er skjematisk representerte i verbets interne struktur, høvesvis som verbets trajektor (tr) og landemerke

(6)



(lm). I tillegg er verbet ein prosess som har utstrekning i tid, symbolisert gjennom pilene. Den feite ramma rundt verbet symboliserer at det er verbet som avgjer profilen til den samansette strukturen, dvs. at transitivkonstruksjonen arvar profilen til verbet (sjå meir om omgrepet 'profil' nedanfor). Heile konstruksjonen kan dermed òg kategoriserast som eit verb.

Trajektor/landemerke-asymmetrien ligg mellom anna til grunn for subjekt–objekt-distinksjonen, som tilfellet er i vårt eksempel. I CG blir asymmetrien sett som ei språkleg instansiering av figur–grunn-asymmetrien kjend frå gestaltpsykologi, jf. Langacker (1987: 217ff, 2003), og ein tr blir definert som ein figur innanfor ein relasjonell profil, dvs. at tr er meir framståande enn resten av den relasjonelle profilen. Andre framståande einingar i ein profil blir kalla lm, som prototypisk er referansepunkt for å lokalisere tr. Distinksjonen mellom *profil* og *base* byggjer òg sjølv på figur–grunn-asymmetrien. Profilen er det som blir peikt ut og gjort framståande i høve til resten av predikasjonen, som er utgjort av basen og dei ulike domena av bakgrunnskunnskap som er nødvendige for å forstå profilen. Til dømes vil den semantiske strukturen ARM utgjere basen for den semantiske strukturen

HAND. I vårt døme kan me sjå for oss ein scene der mannen sit bak rattet i ein bil som er i rørsle. Dette går føre seg på ein viss veg med visse omgjevnader, til ei viss tid, med ein viss fart osv. Om me no vel å fokusere på det som skjer med MANNEN og BILEN, er verbet KJØRE eit nærliggande val for å kode denne scenen språkleg. Ved å velje KJØRE som språkleg koding gjer språkbrukaren samstundes eit val av profil, der den kjørande er tr og det som blir kjørt, er lm. Resten av tydinga til verbet utgjer basen for profilen og dei ulike *domena* som er nødvendig bakgrunnskunnskap for å forstå profilen, i dette tilfellet til dømes RØRSLE, FART, KJØRETØY, TRANSPORT osv.

Som nemnt er verbet KJØRE eit relasjonelt predikat; det har saliente deltakarar i prosessen det kodar som ein del av sin interne struktur. Men desse deltakarane, tr og lm, som altså er substrukturar i verbet, er berre skjematisk representerte, og dei er dermed avhengige av å bli spesifiserte av andre einingar. Dette skjer i vårt døme gjennom nominala MANNEN (tr) og BILEN (lm). På denne måten oppstår det ein valensrelasjon mellom substrukturane i verbet og profilen til nominala, og det er denne som gjer kombinasjonen av desse elementa muleg. Det er korrespondansar mellom substrukturane til verbet og profilen til nominala. Dei skraverte substrukturane i verbet er det Langacker (1987: 304ff) kallar *elaboration sites* (*e-sites*), dvs. skjematiske substrukturar som må spesifiserast av andre einingar. Verbet har såleis eit avhengigheitsforhold til nominala, som i sin tur er komplement til verbet.

Ein sentral hypotese i CG er at alle strukturar har tyding; dei einaste strukturane som eksisterer, er fonologiske[3] og semantiske og symbolske relasjonar mellom desse. I tillegg finst det skjema for slike strukturar og kategoriserande relasjonar mellom konkrete strukturar og meir eller mindre abstrakte skjema for desse. Dette kallar Langacker (1987: 53f) *the content requirement*, som er ein svært viktig restriksjon i dette teoretiske rammeverket. Ein grammatikk er såleis eit strukturert inventar av konvensjonelle lingvistiske einingar, jf. Langacker (1987: 57).


Syntaktiske generaliseringar skjer gjennom skjematiske grammatiske konstruksjonar. Slike skjematiske konstruksjonar blir danna ved at språkbrukarar generaliserer over meir spesifikke konstruksjonar dei møter gjennom bruk av språket. Dei skjematiske konstruksjonane inneheld såleis det som er felles for dei spesifikke konstruksjonane; dei er abstraksjonar. Til dømes vil ein gjennom møte med spesifikke konstruksjonar som den i (6) kunne danne den skjematiske grammatiske konstruksjonen [S V DO], som

er ei abstrakt symbolsk generalisering over meir spesifikke transitivkonstruksjonar av denne typen. Den spesifikke konstruksjonen [MANNEN KJØRER BILEN] er ei *instansiering* av den skjematiske konstruksjonen. CG er såleis ein *bruksbasert grammatikk*.

Gjennom aktivering av den skjematiske grammatiske konstruksjonen, som er konvensjonalisert, kan den spesifikke konstruksjonen sanksjonerast og gjenkjennast som ei instansiering av den skjematiske konstruksjonen i avkodinga. Sanksjonering er altså ein prosess der ein målstruktur blir kategorisert med utgangspunkt i ein kjeldestruktur, og kjeldestrukturane er konvensjonaliserte einingar. Difor snakkar ein i CG heller om konvensjonalitet enn om grammatikalitet. Det finst ikkje nokon reint grammatisk-strukturell representasjon som avgjer om ein konstruksjon er grammatisk eller ikkje, det er sanksjonering av målstrukturen med grunnlag i ein konvensjonalisert kjeldestruktur som avgjer dette. Dermed vil det òg finnast gradar av akseptabilitet etter kor stor avstand det er mellom kjeldestruktur og målstruktur, som begge er symbolske strukturar.

Konstituentstruktur er i CG den rekkefølgja slike symbolske strukturar blir kombinerte i for å danne meir komplekse samansette konstruksjonar. I eksemplet vårt frå (6) er det to nominal som skal kombinerast med eit verb, og det kan potensielt skje på to (tre) ulike måtar:

(7)



I (a) blir verbet først kombinert med objektet, som spesifiserer lm i verbet. Deretter blir denne kombinasjonen kombinert med subjektet, som spesifiserer verbets tr. I (b) blir verbet derimot først kombinert med subjektet, før denne konstruksjonen blir kombinert med objektet. Som eit tredje alternativ kan ein tenkje seg at subjektet og objektet blir kombinerte med verbet sam-

stundes. Resultatet av desse kombinasjonsvegane er det same: I den samansette strukturen spesifiserer MANNEN verbets tr, medan BILEN spesifiserer lm. Pilene representerer skjematisitet og går frå konseptuelt avhengige til autonome strukturar. Den indre strukturen til dei leksikalske einingane, som sjølve er konstruksjonar med ein konstituentstruktur, er ikkje med i illustrasjonen.

Ein viktig skilnad mellom konstituentstrukturtrea i (7) og reint syntaktisk-strukturelle frasestrukturtre er at knutane i (7) representerer symbolske strukturar, og den syntagmatiske kombineringa kjem i stand gjennom semantisk motiverte valensrelasjonar mellom dei kombinerte elementa. Med dette analytiske apparatet på plass kan me gå over til å sjå nærare på konstruksjonar av typen verb + preposisjon/partikkel + nominal.

2.2 Forfeltsplassering og utbryting

Alternasjonen i plassering mellom partikkel og objekt har ofte vorte brukt som kriterium for å avgjere om ein har med partikkelverb å gjere eller ikkje. Askedal (1982) argumenterer mot å kategorisere verbalpartiklar av type Y som partiklar, og argumenterer for at *på løsningen* i (a) under er preposisjonsfrase trass i at leddet ikkje kan stå i forfeltet (b):

(8)

a. Han kom på løsningen

b. *På løsningen kom han

I analysen som blir foreslått i denne artikkelen, er (8b) ukonvensjonell fordi det ikkje står ein preposisjonsfrase i forfeltet, men partikkel + objekt. Den skjematiske konstruksjonen som er aktivert ved den manglande sanksjoneringa, tillèt ikkje meir enn eitt ledd føre verbet.

Askedal forklarar den manglande mulegheita for forfeltsplassering med eit generelt prinsipp om at semantisk nøytraliserte eller "tomme" ikkje-kommuterande ledd ikkje kan tematiserast. Mot dette er å innvende at *på løsningen* ikkje kan seiast å vere eit semantisk nøytralisert eller "tomt" ledd; det må eventuelt vere preposisjonen *på* som har desse eigenskapane. Dessutan kan PO/adverbial, der preposisjonen òg er semantisk nøytralisert og ikkje-kommuterbar, stå i forfeltet, jf. følgjande døme hjå Faarlund, Lie og Vannebo (1997: 700):

(9)

a. Etter boka leitte vi overalt

b. På myndighetene stoler vi ikke

I tillegg følgjer sambandet *kome på* i (8) mønsteret til partikkelverb når det gjeld uttale, men Askedal åtvarar mot å tillegge det geografisk avgrensa austnorske uttalemønsteret vekt i klassifiseringa av desse konstruksjonane. Det Askedal ser ut til å sjå bort frå, er at også vestnorsk har eit uttalemønster ved desse konstruksjonane som skil seg frå uttalen ved PO/adverbial. Som nemnt i innleiinga får vestnorsk hovudtrykk på partikkelen ved partikkelverb, medan PO/adverbial har hovudtrykk på verbet. Endeleg viser Askedal til at om ein likevel held på preposisjonsfraseanalysen, kan ein identifisere partiklar ved at dei tillèt alternasjon i plassering mellom partikkelen og objektet.

Også Åfarli (1985) ser mulegheit for plasseringsalternasjon mellom partikkel og objekt som eit kategoriserande trekk for partikkelverb. Åfarli analyserer partikkelverbkonstruksjonar innanfor GB-rammeverket og reserverer termen *partikkel* for konstruksjonar med type X (1–3b). Han argumenterer mot å analysere konstruksjonar som

(10)

a. Per kjørte på treet

b. Vi tok av bordet

som partikkelverbkonstruksjonar, sidan alternasjonen i plassering av partikkel og verb ikkje er muleg. Samstundes peikar han på at desse konstruksjonane har same uttalemønster som partikkelverb vanlegvis har. Eit anna viktig poeng i analysen til Åfarli er at verbalpartiklar er predikerande, og at følgjande konstruksjonar dermed er ugrammatiske:

(11)

a. *Per kjørte treet på

b. *Vi tok bordet av

I (11) er *på* og *av* ikkje-predikerande; dei kan ikkje tolkast slik at dei utseier noko om objektet. I analysen i denne artikkelen er predikasjon og plas-

seringsalternasjon dei to samanfallande eigenskapane som skil artiklar av type X og Y frå kvarandre. Samband som *kjøre på* og *ta av*, som eg reknar som verb med Y, har elles så mange syntagmatiske eigenskapar felles med partikkelverb med X at det etter mitt syn er grunn til å rekne også desse som partikkelverb. Ein meir detaljert analyse av skilnaden mellom dei to partikkeltypane vil bli presentert i neste del. La oss først sjå nærare på dei syntagmatiske eigenskapane til verb med dei to partikkeltypane på den eine sida og verb med PO/adverbial på den andre.

At verb med partikkeltypane X og Y har mykje felles, viser seg om ein ser på korleis desse verba opptrer i ulike konstruksjonar. Type X er representert i (a–b), medan Y er representert i (c–d). Partikkel + nominal kan ikkje stå i forfeltet, medan dette er muleg ved PO/adverbial (e):

(12)

a. Ein måtte berre slå av pumpa (AV/Loka/01:)

b. *Av pumpa måtte ein berre slå

c. Eg kom over boka i eit antikvariat (SK/HoRa/01:)

d. *Over boka kom eg i eit antikvariat

e. Etter boka leitte dei heile dagen

Heller ikkje ved utbrytingskonstruksjonar, som har som funksjon å fokusere spesielt på eitt ledd, kan partikkel + nominal opptre som ledd ved nokon av partikkeltypane, medan PO/adverbial kan nettopp det:

(13)

a. Det var pumpa ein måtte slå av

b. *Det var av pumpa ein måtte slå

c. Det var boka eg kom over i eit antikvariat

d. *Det var over boka eg kom i eit antikvariat

e. Det var etter boka ho leitte heile dagen


Dette er etter mitt syn to avgjerande testar for valenstilhøva mellom verb, partikkel/preposisjon og nominal i desse konstruksjonane. I (12b) og (13b), der me udiskutabelt har å gjere med verbalpartiklar, er det klart at det ikkje kan etablerast den type valensrelasjon mellom partikkel og nominal som ein har i preposisjonsfrasar. I ein preposisjonsfrase spesifiserer nominalet preposisjonens lm, slik tilfellet er ved PO/adverbialet i (12e) og (13e). Definisjonen på ein preposisjon i CG er ein atemporal relasjon med spesifisert lm, jf. Langacker (1987: 242f).

At preposisjon + nominal heller ikkje er konvensjonelt i desse posisjonane i (12d) og 13d), tyder dermed på same manglande valensrelasjon mellom preposisjon og nominal som i (12b) og (13b). I neste del skal eg argumentere for at verbalpartiklar av type (Y), som i (13c), får sin tr spesifisert av verbet, medan lm ikkje er spesifisert. Det er dette som gjer at OVER i dette tilfellet er meir semantisk ”nøytralisert”; me har her å gjere med ein meir skjematisk variant av OVER, ein adverbial variant: Eit adverbial er i CG ein atemporal relasjon med ein relasjon (i dette tilfellet eit verb) som tr. Konstruksjonar med PO/adverbial (a) og med verbalpartikkel av type Y (b) har dermed følgjande ulike valensrelasjonar:

(14)

a.

b.



I (a) får verbet sitt lm spesifisert av preposisjonsfrasen, som fungerer som PO/adverbial i konstruksjonen. Inne i preposisjonsfrasen får preposisjonen sitt lm spesifisert av nominalet i frasen. I (b) er det derimot objektet som spesifiserer verbets lm. I tillegg får partikkelen sin tr spesifisert av verbet, og er dermed adverbial. Partikkelen tener òg til å modifisere den semantiske strukturen til verbet. Det er desse skilnadene som gjer seg gjeldande både mellom (a) og (b) og mellom (c) og (d) i (15) under, ein skilnad som altså gjer tydinga til dei adverbiale partikkelvariantane i (b) og (d) meir skjematisk, meir ”nøytralisert” enn dei preposisjonale variantane i (a) og (c):

(15)

a. Vi reiser til Amerika (SK/DuOl/02:)

b. den ene mannen slo til politimannen (AV/BT95/04:)

c. En god del av sitrushøsten er fremdeles på trærne (AV/BT96/01:)

d. Bilen kjørte på syklisten (AV/BT96/02:)

Slike forhold finn ein òg mellom partiklar av type X, som eg i neste del skal argumentere for er adjektiviske (adjektiv er i CG atemporale relasjonar med ein ting som tr), og preposisjonale variantar av desse. Adjektiviske partiklar (b) skil seg òg frå preposisjonale variantar (a) ved at dei ikkje får sitt lm spesifisert:

(16)

Jeg går opp trappen (AV/KK97/01:)

Jeg drakk opp ølet uten å si noe (SK/ChLS/01:)

Eit anna forhold som ser ut til å spele ei rolle for den semantiske strukturen til preposisjonar i faste samband av verb + partikkel/preposisjonsfrase, er einingsstatus. I CG er termen *eining* (*unit*) ein teknisk term som Langacker (1987: 494) definerer som

> A cognitive structure mastered by a speaker to the point that it can be employed in largely automatic fashion, without requiring attention to its individual parts or their arrangement. A unit is sufficiently well entrenched to be easily evoked

as an integrated whole, that is, carried out more or less automatically once initiated.

Også ved PO/adverbial (b) har preposisjonane meir ”nøytralisert” tyding enn ved meir prototypiske adverbial (a):

(17)
a. Sju av klubbens spillere ble testet etter kampen (AV/Ad96/01:)

b. Vi har lett etter byenes kulturelle sjel (AV/BT95/01:)

Likevel kan altså PO/adverbial stå i forfeltet og bli utbrotne som ledd. Kva er det då som gjer at desse preposisjonane, som får sitt lm spesifisert, blir oppfatta som semantisk tomme i høve til preposisjonar i andre adverbial? Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 43) skriv om PO at ”Objektet kan også ha form av en preposisjonsfrase. Det dreier seg da om preposisjoner uten egen betydning, og som er nært knyttet til verbet, slik at verbet og preposisjonen utgjør en enhet.” At preposisjonen ikkje kan bytast ut ved PO, viser at kombinasjonen verb + preposisjon er idiosynkratisk og ikkje følgjer noko regulært skjematisk mønster. Dette sannsynleggjer at kombinasjonen er lagra som ei eining; om dette ikkje var tilfellet, ville språkbrukaren ikkje kunne vite at nett denne kombinasjonen har den tydinga han har, jf. òg Langacker (2008: 238).[4] Slik einingsstatus kan sjølvsagt òg spele ei rolle ved faste samband av verb + partikkel, som til dømes ved *gjere om*. Skilnaden er at desse einingane har ulik struktur, jf. også Langacker (1987: 310ff):

(18)
a. [[*leite*] [*etter* Nominal]]

b. [[*gjere*] [*om*] [Nominal]]

Ved PO/adverbialet i (a) er det komplementet til preposisjonen i preposisjonsfrasen som berre er skjematisk representert i eininga, og dette kan vere grunnen til at ein oppfattar *leite etter* som det faste sambandet; det er desse elementa som er substansielt representerte. Ved partikkelen i (b) er det det direkte objektet som har skjematisk representasjon. Når samband som i (a) over får einingsstatus, vil òg preposisjonane i einingane kunne få einings-

spesifikk tyding; dei får anna og mindre ”gjennomsiktig” tyding enn i konstruksjonar der preposisjonane i utgangspunktet er skjematisk representerte og kan spesifiserast av ulike preposisjonar. Dette siste er tilfellet ved meir prototypiske adverbial som i (16a) og (17a).

2.3 Koordinasjon og bestemtheitsrestriksjon

Ein annan konstruksjonstype som har vore diskutert i debatten kring det Lie (1978) kallar verbalgrupper, er visse koordinerte setningar. Lie opnar artikkelen sin med at ”Striden om transitive verbalgrupper er ennå ikke avgjort”, og det er grensa mellom det som her blir analysert som partiklar av type Y på den eine sida og PO/adverbial på den andre, som blir undersøkt. Våpenet Lie kastar inn i debatten, er koordinerte setningar der verbalet er stroke i den andre setninga. Ved partikkelverb blir partikkelen stroken saman med verbalet (a), medan preposisjonen i eit PO/adverbial ikkje kan strykast (c):

(19)

a. Eg slår av fjernsynet og du radioen

b. *Eg slår av fjernsynet og du av radioen

c. Eg leitar etter boka og du etter avisa

d. *Eg leitar etter boka og du avisa

Lie har ei interessant inndeling av verbalgruppene i tre grupper, og det blir vist at det ikkje er vasstette skott mellom desse gruppene. Lies gruppe a svarar grovt til konstruksjonar med det eg kallar partiklar av type Y; desse kan ikkje stå i forfeltet, partikkelen kan ikkje brytast ut saman med nominalet, og han blir sløyfa saman med verbet ved verbalstryking i koordinasjon. Vidare svarar Lies gruppe c til PO/adverbial; her kan preposisjon og nominal stå saman i forfeltet, og dei kan brytast ut som preposisjonsfrase. Kategoriane verb + Y + objekt og verb + PO/adverbial er altså òg kategoriar i Lies analyse. I tillegg opererer Lie med ei tredje gruppe, gruppe b, som viser eigenskapar frå begge dei to andre. La oss sjå nærmare på eit døme frå denne mellomgruppa, nemleg *passe på*. På den eine sida blir dette sambandet uttala etter mønsteret som er vanleg for partikkelverb, men det er ikkje like klart som ved konstruksjonar i Lies gruppe a at det ikkje kan stå i forfeltet (b) og ikkje kan brytast ut (e):

(20)

a. Henne passa han nok godt på i dag

b. ?På henne passa han nok godt i dag

c. I dag passa han nok godt på henne

d. Det var henne du skulle passe på i dag!

e. ?Det var på henne du skulle passe i dag!

f. Det var i dag du skulle passe på henne!

g. Eg passar på maten, og du på ungane

h. ?Eg passar på maten og du ungane

Det er rett nok ein tydeleg avstand i sanksjoneringa mellom [*på* Nominal] i forfeltet (b) og som utbrote ledd (e) og meir prototypiske preposisjonsfrasar i desse posisjonane (c og f). Dei meir prototypiske preposisjonsfrasane blir i langt større grad sanksjonerte, men [*på* Nominal] er kanskje heller ikkje heilt utelukka. Heller ikkje Lies koordinasjonstest (g-h) gjev noko eintydig resultat; den peikar snarare i motsett retning av forfeltsplassering og utbryting når det gjeld valensrelasjonane i desse konstruksjonane. Kva for skjematiske grammatiske konstruksjonar er det då som ligg til grunn for sanksjoneringa av sambandet *passe på*? For det første blir (a) og (d) i større grad sanksjonerte enn (b) og (e). (a) er dermed truleg ei instansiering av ein tematiseringskonstruksjon, [Tematisert Ledd V], og den skjematiske konstruksjonen [V Y DO], medan (d) er ei instansiering av ein utbrytingskonstruksjon [*Det vere* Fokusert Ledd] og [V Y DO]. Vidare kan *på* ikkje bytast ut, noko som tyder på at sambandet er lagra som ei eining i følgjande delvis skjematiske konstruksjon:

(21)

[[*passe*] [*på*] [DO]]

Hjå språkbrukarar som sanksjonerer konstruksjonane i (20b) og (20e), er det derimot truleg ein skjematisk konstruksjon av følgjande type som må vere aktivert ved sanksjoneringa:

(22)

[[V] [P NP]]

Samstundes er det som nemnt klart at det er ein tydeleg avstand mellom (20b) og (20e) og meir prototypiske preposisjonsfrasar i tematiserings- og utbrytingsposisjon, jf. (20c) og (20f).

I CG er språklege einingar organiserte i strukturerte skjematiske nettverk, jf. Langacker (1987: 369, 2000: 91ff), der leksikalske einingar er representerte i ulike typar relasjonar til andre einingar. Til dømes kan eit samband som *passe på* vere representert som den substansielle delen av den elles skjematiske grammatiske konstruksjonen i (21). At denne konstruksjonen har einingsstatus, er sannsynleggjort ved at preposisjonen *på* ikkje kan bytast ut, og ved at instansieringane av denne konstruksjonen i (20a) og (20d) blir sanksjonerte problemfritt i høve til konstruksjonane i (20b) og (20e). Men sambandet *passe på* kan kanskje òg bli sanksjonert som preposisjonsfrase, dvs. som instansieringar av konstruksjonar som i (22), noko som særleg viser seg i (20g). Denne skilnaden viser seg òg om ein kombinerer utbryting med Lies (1978) koordinasjonstest:

(23)

Det var den gule bilen eg skulle passe på og du den blå

?Det var den gule bilen eg skulle passe på og du på den blå

Når objektet blir brote ut og fokusert som eitt ledd, er det tydeleg at det, i motsetnad til i (20g), er eit skjema som i (21) som blir lettast aktivert i sanksjoneringa, og dette talar for at sambandet kan sanksjonerast både av strukturar som i (21) og som i (22). Også Hovdhaugen (1977: 27) analyserer på liknande måte når han hevdar at setninga

(24)

Hun passet på hunden

kan analyserast på to ulike måtar, nemleg som det som her blir kalla verb + Y + objekt og som verb + PO/adverbial.

Til slutt i denne delen skal me sjå på ein konstruksjonstype som òg har vore viktig i debatten om transitive verbalgrupper/PO/adverbial, nemleg upersonlege passivkonstruksjonar. I slike konstruksjonar er det direkte objektet underlagt den såkalla bestemtheitsrestriksjonen, som har som funksjon å hindre at eit nytt element blir presentert som om det hadde unik referanse:

(25)

Det vart slege ned ein mann

*Det vart slege ned mannen

Me ser at det direkte objektet i slike konstruksjonar må vere ubestemt. Askedal (1982: 137) hevdar at verb frå alle dei tre gruppene til Lie (1978) ikkje er underlagt denne restriksjonen, og dette er i hans analyse eit viktig argument for å analysere det som her blir analysert som Y + objekt som preposisjonsfrasar. På den andre sida hevdar Faarlund, Lie & Vannebo (1997: 701) om konstruksjonar med Y, jf. (4), at ”dersom desse førekjem saman med formelt subjekt, må nominalet vere ubestemt.” Med andre ord blir det her hevda at desse konstruksjonane *er* underlagt bestemtheitsrestriksjonen. Desse ulike konklusjonane tyder på same usikre sanksjonering av desse konstruksjonane som ein finn i (20):

(26)

a. Det ble passa på en hund for naboen

b. ?Det ble passa på hunden for naboen

c. Det ble lett etter boka overalt

I den grad (b) blir sanksjonert, er det truleg ein konstruksjon som i (22) som er aktivert også her. PO/adverbial er ikkje underlagt denne restriksjonen, jf. (c). Konstruksjonane i (a) og (c), som blir sanksjonerte av delvis skjematiske konstruksjonar som truleg har einingsstatus (desse strukturane har ulik struktur, jf. (18)), blir sanksjonerte utan problem.

2.5 Førebels konklusjon

At nokre av sambanda med verb + Y + objekt ser ut til å til å kunne bli sanksjonerte også som preposisjonsfrasar i visse konstruksjonar, rokkar sjølvsagt ikkje ved behovet for å skilje mellom to ulike typar verbalpartiklar. For det første er det jo nettopp skjematiske konstruksjonar med partiklar av type Y som utgjer den eine alternative strukturen til desse sambanda. For det andre finst det mange samband av verb + Y der Y + objekt verken kan stå i forfeltet eller brytast ut som eitt ledd. Det ser difor ut til å vere grunnlag for å rekne både X og Y som verbalpartiklar. Det nære konseptuelle forholdet mellom verb og partikkel viser seg òg på den fonologiske polen av desse konstruksjonane ved at verb + partikkel har uttalemønster som skil dei frå verb + PO/adverbial. Men kva er det så som skil dei to partikkeltypane frå kvarandre semantisk? Dette er tema for neste del.

3 Semantisk analyse av dei to partikkeltypane

I førre del vart det argumentert for at det syntagmatisk er grunnlag for å rekne med to ulike typar verbalpartiklar i norsk. I denne delen skal me sjå nærare på kva som skil desse verbalpartiklane frå kvarandre når det gjeld valensrelasjonar til andre ledd i konstruksjonane dei inngår i, og når det gjeld konstruksjonar dei er kompatible med. Ein felles eigenskap ved begge typane er at dei tener til å modifisere den semantiske strukturen til verbet utan at dei spesifiserer verbets lm; dette blir i desse konstruksjonane spesifisert av objektet. Det vil her ikkje bli gått nærare inn på detaljar når det gjeld korleis denne modifiseringa skjer. Poenget er å trekke grensa mellom dei to partikkeltypane, her representerte med X i (a)–(d) og Y i (e)–(h):

(27)

a. Kåre slår av platespelaren (SK/FoÅs/01)

b. Kåre slår platespelaren av

c. Biltilsynet vil luke vekk ”villmanns-køyringa” (AV/Loka/01)

d. Biltilsynet vil luke ”villmanns-køyringa” vekk

e. Rett nok måtte også han stå over nokre omgangar (AV/BT9X/01)

f. *Rett nok måtte også han stå nokre omgangar over

g. Han svarte med å slå til bussjåføren i ansiktet (AV/BT95/04)

h. *Han svarte med å slå bussjåføren til i ansiktet

Det skulle vere liten tvil om at verbalpartiklar er konseptuelt nært knytte til verbet og tener til å modifisere verbets semantiske struktur. Samstundes er det det direkte objektet som spesifiserer verbets lm. Dette gjeld både X (a)–(d), og Y (e)–(h). Enkelte verb kan knyte til seg begge partikkeltypane, jf. (a) og (g), i tillegg til at dei kan opptre utan partikkel:

(28)

Ingen slår den norske laginnsatsen (AV/Af94/01)

Særleg tydeleg blir det at partikkelen modifiserer verbtydinga om ein samanliknar konstruksjonar som skil seg frå kvarandre ved om ein partikkel er til stades eller ikkje:

(29)

a. Men no har han lese bøkene til Geir (SK/HiPe/01)

b. Han har lese ut bøkene til Geir (SK/HiPe/01)

I dette tilfellet gjer verbalpartikkelen aksjonsarten til verbet meir telisk, sluttpunktet for verbprosessen blir understreka. Me ser at verba utan partikkel har ein annan semantisk struktur enn tilsvarande verb med partikkel, og at ulike partiklar kan modifisere den semantiske strukturen til desse verba på ulike måtar. DEKKE er eit døme på eit verb som kan få den semantiske strukturen modifisert på ulike måtar av mange ulike partiklar:

(30)

a. økte inntekter vil dekke opp rundt 80-85 millioner kroner (AV/Af96/01)

b. Tyvene hadde koblet ut alarmen og dekket til videokamera med en jakke (AV/BT95/04)

c. Kull vil uansett måtte dekke inn brorparten av økningen (AV/BT96/01)

d. Men det var ikke for å dekke over nevøens ransforbrytelse (AV/BT95/04)


e. Sprett dekket på bordet med tallerkener og krus (SK/MiAA/01)

Tilhøvet mellom slike variantar av verb kan i CG gjerast greie for gjennom ein skjematisk nettverksmodell. I ein slik modell kan ein gjere greie for både skilnader mellom desse verbvariantane og det dei har felles; det mest openberre er sjølvsagt den fonologiske strukturen, men dei har sjølvsagt òg mykje av den semantiske strukturen felles. Dei ulike variantane inngår såleis i ulike (delvis) skjematiske grammatiske konstruksjonar i det same nettverket.


Av partiklane i (30) er (a)–(c) av typen X, medan (d) og (e) er av typen Y. Men kva er det, i tillegg til dei ulike mulegheitene for plasseringsalternasjon mellom partikkel og objektet, som skil dei to partikkeltypane frå kvarandre? For å svare på dette må me sjå nærare på den interne strukturen deira og på kva for valensrelasjonar dei har til andre element i konstruksjonane dei opptrer i: Medan partiklar av typen X får sin tr spesifisert av objektet, får Y sin tr spesifisert av verbet. Eg vil difor foreslå å kalle den førstnemnde typen for adjektivisk partikkel (X), medan Y er adverbial[5]. Dei semantiske korrespondansane i desse konstruksjonane er dermed slik:

(31)

a.



b.



Skiljet mellom partikkeltypane svarar dermed til skiljet i CG mellom adjektiv og adverb, jf. Langacker (1987: 242f). Eit adjektiv er ein atemporal relasjon som har ein ting (nominal) som tr, medan eit adverbial er ein atemporal relasjon som har ein relasjon (i dette tilfellet eit verb) som tr. Begge artikkeltypane framhevar i tillegg ein salient substruktur i verbets semantiske struktur, jf. korrespondansane mellom partiklanes profil og den semantiske strukturen til verbet, medan det er objekta som spesifiserer verbets lm.

At den adjektiviske partikkelen (X) får sin tr spesifisert av objektet, høver godt med observasjonen til Åfarli (1985) at verbalpartiklar er predikerande; sjå også Herslund (1984: 41), som peikar på at den prototypiske tydinga til verb med X som tek objekt og som uttrykker rørsle, som utgjer kjernen av verb som inngår i konstruksjonar med X, er at objektet blir plassert på staden eller i tilstanden som blir uttrykt gjennom partikkelen. Partikkelen predikerer, utseier noko om objektet (jf. gjentakinga av (27a) under) på same måten som eit adjektiv i ein konstruksjon med objektspredikativ (b):

(32)

a. Kåre slår platespelaren av

b. Kåre måla huset kvitt

Den predikerande partikkelen AV i (a) utseier noko om kva for ein tilstand PLATESPELAREN er i ved endepunktet til verbprosessen, på same måte som adjektivet KVITT utseier noko om kva for ein tilstand HUSET er i ved endepunktet for verbprosessen i (b). Eit slikt semantisk tilhøve mellom partikkelen og objektet er ikkje til stades ved partiklar av type Y. Men heller ikkje ved partiklar av type X er det semantiske tilhøvet mellom partikkelen og objektet alltid like klart:

(33)

a. dei fekk til noko (SK/ObTo/01:)

b. dei fekk det til (SK/HoEd/01:)

Her har me ut frå plasseringsalternasjonskriteriet eit døme på verb med partikkel av type X, men kan også TIL i (33) seiast å vere adjektivisk? Og kva er det i så fall TIL predikerer om objektet NOKO? Om ein samanliknar partikkelverbet i (33) med tilsvarande verb utan partikkel, blir det klart at verbalpartikkelen tillegg verbtydinga ein aktivitet frå verbets tr som resulterer i at noko blir vellykka gjennomført, og at det eksisterer eit resultat av aktiviteten til tr. Denne tydinga er ikkje til stades utan partikkelen:

(34)

dei fekk noko (AV/Loka/01:)

Her impliserer verbtydinga snarare inaktivitet frå tr, som er passiv og blir tilført lm. Vidare er det som blir vellykka gjennomført i (33a), objektet NOKO, og TIL predikerer, om enn skjematisk (den adjektiviske varianten av TIL får ikkje spesifisert sitt lm), nettopp dette resultative elementet om objektet, at eit resultat av aktiviteten til tr ligg føre. Dermed er òg dei semantiske korrespondansane i (33) som ved partikkel av type X i (31a). At adjektiviske partiklar er predikerande, viser seg òg ved at dei ofte kan opptre som predikativ i ein konstruksjon med subjektspredikativ, og dette er òg muleg for TIL (b):

(35)

a. Platespelaren er av

b. Då er ein glad at ein er til (SK/VeTa/02:)

Det er likevel ikkje alle adjektiviske partiklar som kan opptre på denne måten, jf. ein ukonvensjonell konstruksjon som **Vinen er opp*. Også verbet må her vere med i predikasjonen for at konstruksjonen skal bli konvensjonell: *Vinen er oppdrukken*. Slike samansette partisipp (som sjølvsagt kan ha einingsstatus) ser elles ut til å vere langt vanlegare både ved partiklar av type X (a–d) og av type Y (e–h) enn ved PO/adverbial (i–l), noko som tyder på eit nært konseptuelt samband mellom verb og partikkel:

(36)

a. Han drakk opp vinen – Vinen er oppdrukken

b. Dei låste att døra – Døra er attlåst

c. Tippelaget fylte ut kupongen – Kupongen er utfylt

d. Ho slo ned mannen – Mannen er nedslegen

e. Han kjørte på treet – Treet er påkjørt

f. Ho skreiv under kontrakten – Kontrakten er underskriven

g. Dei kom på ein god idé – Ideen er påkomen

h. Dei passar godt på barna – Barna blir godt påpassa

i. Dei leitte etter boka - *Boka er etterleitt

j. Alle prata om Ola – *Ola er omprata

k. Han tenkte på katastrofen - *Katastrofen er påtenkt

l. Ho spurte etter vegen – *Vegen er etterspurt

Dei to siste partisippa, *påtenkt* og *etterspurt*, finst, men med meir spesialisert tyding. I tillegg finst det rett nok òg partiklar av begge typar der slike partisipp ikkje er konvensjonelle:

(37)


a. Elevane fekk til oppgåva – *Oppgåva er tilfått

b. Han kom over ei skjorte – *Skjorta er overkomen

Eit anna interessant spørsmål gjeld konstituentstrukturen til konstruksjonar med X og Y. Konstruksjonar med Y har ei kombinatorisk mulegheit mindre mellom verb, partikkel og objekt enn det X har. Medan Y berre kan inngå i

ein struktur som i (a) under, har X, her eksemplifisert med verbet frå (27a), i tillegg den kombinatoriske mulegheita i (b):

(38)



På denne måten kjem den nærare konseptuelle grupperinga mellom partikkelen og objektet ved X òg til uttrykk på den fonologiske polen i konstruksjonen i (b). Dei adverbiale partiklane står aldri innåt objektet utan at dei samstundes står innåt verbalet, medan dette er muleg for dei adjektiviske partiklane. Analysen i (38) har elles mykje til felles med Langackers analyse av det engelske partikkelverbet *turn on*, jf. Langacker (1987: 474ff), men Langacker hevdar at dei to ulike vegane for etablering av valensrelasjonar som er mulege for det som her blir kalla adjektiviske partiklar, gjev same semantiske resultat. Etter mitt syn er det grunn til å rekne med at desse konstruksjonane i norsk har ulike eigenskapar: Konstruksjonar der partikkelen følgjer etter objektet (38b), har meir fokus på kva som skjer med objektet (på predikasjonen til den adjektiviske partikkelen) enn konstruksjonen med motsett rekkefølgje (38a). Dette høver òg godt med det faktum at partikkelen i dei fleste norske dialektar følgjer etter objektet når objektet er eit pronomen: Referansen til pronomen er allereie kjent ut frå konteksten, og konstruksjonar som i (39b) er konvensjon når ein skal legge til ny informasjon (gjennom predikasjonen til den adjektiviske partikkelen) om eit kjent objekt, jf. (a)–(b) under. Adverbiale partiklar (d) er ikkje kompatible med slike konstruksjonar:

(39)

a. Kva har skjedd med vinen?

b. Han drakk han opp

c. Kva har skjedd med treet?

d. *Han kjørte det på

At konstruksjonen der partikkelen følgjer etter objektet, har meir fokus på kva som skjer med objektet, viser seg òg om ein tenkjer seg følgjande situasjon: To personar står i nærleiken av eit slagsmål, og begge kjenner personen som blir slegen ned, Kåre. Den eine av dei to får ikkje med seg kva som skjer før han ser Kåre ligge på bakken, og spør den andre:

(40)

a. Kva gjorde han med mannen?

b. Han slo Kåre ned

c. *Han slo ned Kåre

(b) er her eit langt meir naturleg svar på spørsmålet enn (c) (sjølv om personleg pronomen sjølvsagt ville vere det mest naturlege). Her er objektet allereie kjent ut frå spørsmålet i (a), og det mest naturlege valet av konstruksjon i svaret er utan tvil den som fokuserer mest på den adjektiviske funksjonen til partikkelen, nemleg (b).

4 Konklusjon

I denne artikkelen har det vorte argumentert for at ein må skilje mellom to ulike typar verbalpartiklar i norsk: Partiklar som tillèt alternasjon i plasseringa mellom partikkelen og objektet, er adjektiviske partiklar, medan partiklar som ikkje tillèt slik alternasjon, er adverbiale. Ein analyse av valensrelasjonane mellom partiklane og verba og objekta i konstruksjonane dei er ein del av, viser følgjande skilnader mellom dei to partikkeltypane: Dei adjektiviske partiklane får sin trajektor spesifisert av objektet, medan dei adverbiale partiklane får sin trajektor spesifisert av verbet. Elles tener dei begge til å modifisere verbets semantiske struktur. At ein ikkje kan rekne berre dei adjektiviske partiklane som verbalpartiklar, viser seg ved at dei adverbiale partiklane har viktige syntagmatiske eigenskapar felles med adjektiviske: Partikkel + objekt kan verken fungere som preposisjonsfrase i forfeltet eller bli brotne ut som eitt ledd.

Notar

1. Delar av dette arbeidet vart presentert på Högre seminariet ved Institutionen för nordiska språk, Stockholms universitet i 2008. Takk til alle som kommenterte det då. Takk også til Staffan Hellberg for verdifulle kommentarar og til redaktøren og to konsulentar i NLT for konstruktive bidrag.
2. Døma frå *Oslo-korpuset av tagga norske tekstar* (URL: http://www.tekstlab.uio.no/norsk/) er merkte med kjeldereferansekoden til korpuset. Desse har forma TT/EnFn/NN:

   TT - type tekst
   En - forfattars etternamn
   Fn - forfattars fornamn
   NN - talkode for tittel

   Teksttypane er som følgjer:

   AV - aviser og vekeblad
   SA - sakprosa
   SK – skjønnlitteratur

   Eit oversyn over tekstane med tilhøyrande kjeldereferansekodar finn ein her: URL: http://www.tekstlab.uio.no/Norwegian/toc.html.
3. *Fonologisk struktur* har i kognitiv grammatikk ei vidare tyding enn vanleg. Termen refererer til språkets uttrykksside på alle nivå og inkluderer fonologiske einingar som segment, stavingar, føter og fonologiske frasar.
4. Det er rett nok ikkje alltid lett å avgjere empirisk om ein bestemt konstruksjon er etablert som ei eining, men i tillegg til idiosynkrasi og grad av komposisjonalitet kan observert frekvens vere eit grunnlag for å sannsynleggjere einingsstatus, jf. til dømes Langacker (2008: 238). Ei teljing i nynorskdelen av Oslo-korpuset syner til dømes at preposisjonen *etter* opptrer rett etter verbet *leite* i heile 38 % av førekomstane til verbet. For bokmålskorpuset er talet 37 % (ved søk med *lete* som grunnform).
5. I dette arbeidet er det berre transitive verb som har vorte handsama, men eit slikt skilje mellom adjektiviske og adverbiale partiklar kan ein kanskje òg sjå ved intransitive verb. Dei adjektiviske partiklane får då sin tr spesifisert av subjektet (a og b), medan det er verbet som spesifiserer tr til dei adverbiale partiklane (c og d). I desse tilfella er det praktiske identifikasjonsgrunnlaget vanskelegare, sidan ein ikkje har (manglande) plasseringsalternasjon mellom partikkel og objekt å halde seg til:

   a. Prisen kan gå ned så mye som 50 000 kroner (AV/Mo96/04:)

   b. Jeg trodde smertene ville gå over (AV/BT95/04:)

   c. Det hadde skya over (SK/HaAl/01:)

   d. Han måtte ha svimet av en lang stund (SK/BjJa/01:)

Referansar

Askedal, John Ole 1982: Om preposisjonens syntaktiske status i de såkalte ‘transitive verbalgrupper’ i norsk. *Nordic Journal of Linguistics* 5, 133–162.

Faarlund, Jan Terje, Svein Lie & Kjell Ivar Vannebo 1997: *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Haugen, Tor Arne 2006: Når preposisjonar erstattar kasus. Om preposisjonsobjekt (objektsadverbial) frå norrønt til moderne norsk. Masteroppgåve, Fakultet for humanistiske fag, Høgskolen i Agder, Kristiansand.

Hellberg, Staffan 2003: Varför inte prepositionsobjekt? Delsing, Lars-Olof et al. (red.): *Grammatik i fokus. Festskrift till Christer Platzack 18 november 2003*. Vol I. Lund: Institutionen för nordiska språk, Lunds universitet, 47–53.

Herslund, Michael 1984: Particles, Prefixes and Preposition Stranding. Sørensen, Finn, Michael Herslund & Henning Nølke (red.): *Topics in Danish syntax. Nydanske studier & Almen kommunikationsteori* 14, 34–71.

Hovdhaugen, Even 1977: Om og omkring passiv i norsk. Fretheim, Thorstein (red.): *Sentrale problemer i norsk syntaks*. Oslo: Universitetsforlaget, 15–46.

Körner, Rudolv 1948: *Studier över syntaktisk nybildning i svenskan, I. De prepositionella passivbildningarna. Med hänsyn tagen till motsvarande nybildningar i danskan, norskan och engelskan*. Lund: Blom.

Langacker, Ronald W. 1987. *Foundations of Cognitive Grammar. Theoretical Prerequisites*. Vol. I. Stanford, Calif.: Stanford University Press.

– 1991. *Foundations of Cognitive Grammar. Descriptive Application*. Vol. II. Stanford, Calif.: Stanford University Press.

– 1999. *Grammar and Conceptualization*. Berlin: Mouton de Gruyter.

– 2002. *Concept, Image, and Symbol. The Cognitive Basis of Grammar*. 2. utg. Berlin: Mouton de Gruyter.

– 2008. *Cognitive Grammar. A Basic Introduction.* Oxford: Oxford University Press.

Lie, Svein 1978: Mer om transitive verbalgrupper. *Norskrift* 19, 43–53.

Teleman, Ulf, Staffan Hellberg & Erik Andersson 1999: *Svenska Akademiens grammatik*. Under medv. av Lisa Christensen, Helena Hansson, Lena Lötmarker & Bo-A. Wendt. Bind 1–4. Stockholm: Svenska Akademien.

Wallin, Isak. 1941. Om objektet som grammatisk kategori. *MLFÅ* (Modersmålslärarnas förenings årsskrift).

Åfarli, Tor Anders 1985: Norwegian Verb Particle Constructions as Causative Constructions. *Nordic Journal of Linguistics* 8, 75–98.

Summary

The word-order alternation of verbal particle and object has often been used as a criterion to categorize certain Norwegian verbs as so called particle verbs, and in *Norsk Referansegrammatikk* (Faarlund, Lie & Vannebo 1997: 697ff) it is pointed out that this analysis is problematic when it comes to differentiating between verbs with prepositional objects and verbs with verbal particle + nominal object. The problematic constructions are of the type *kome over* 'come upon', *skrive under* 'sign' and *tenkje over* 'think over'. These constructions do not permit alternation in the order of preposition and object, whereas verbal particles normally allow this. In a Cognitive Grammar approach, this paper argues for the classification also of the prepositions in this construction type as verbal particles and thereby for an analysis differentiating two types of verbal particles in Norwegian. The particles allowing word-order alternation get their trajectors specified by the object. These are labelled adjectival. The particles disallowing word-order alternation, on the other hand, get their trajectors specified by the verb. The latter are labeled adverbial. Both particle types otherwise serve to modify the semantic structure of the verb. The main arguments for categorizing also the adverbial particles as verbal particles are the syntagmatic properties that they share with the adjectival particles; particle + object can neither be fronted nor be clefted as one constituent.

Tor Arne Haugen

Institutt for lingvistiske og nordiske studium
Boks 1102 Blindern
NO–0317 Oslo
t.a.haugen@iln.uio.no

[Mottatt 19. april 2008, revidert versjon 29. april 2009]